

Fagfellerapport for bachelorprogrammet og årsstudiet i generell psykologi ved Det Psykologiske Fakultet, UiB, 2023

Følgjande oppgåver vart gitt til fagfelle frå fakultetet:

1. Er PSYK112 Sosial- og personlighetspsykologi og PSYK114 Utviklings-, kognitiv og biologisk psykologi er i tråd med RETHOS-kravene? Hvis ikke – kan og i så fall hvordan kan seminarer kompensere for dette?
2. Sammenligne PSYK113 Innføring i metode og PRPSYKVIT Psykologiens vitenskapsteori og forskningsmetodar. Hvor stort er overlappet?
3. Sammenligne historiedelen av PSYK111 Innføring i psykologi og PRPSYK100 Psykologiens historie. Hvor stort er overlappet?

1. «I tråd med RETHOS-kravene» tolkast til å bety om PSYK112 og PSYK114 er i tråd med krava i kapittel 4 i Retningslinjene:

«Kapittel 4. Læringsutbytte for kompetanseområdet psykologiske basaldisipliner og deres anvendelsesområder

*§ 10. Psykologiske basaldisipliner og deres anvendelsesområder – Kunnskap
Kandidaten*

- a. *har avansert teoretisk, empirisk og anvendt kunnskap innenfor biologisk psykologi, utviklingspsykologi, personlighetspsykologi, kognitiv psykologi og sosialpsykologi.*

*§ 11. Psykologiske basaldisipliner og deres anvendelsesområder – Ferdigheter
Kandidaten*

- a. *kan analysere og forholde seg kritisk til teorier, metoder og forskningsresultater innenfor basaldisiplinene*
- b. *kan analysere og anvende kunnskap fra basaldisiplinene på nye områder innenfor psykologisk forskning og praksis.*

*§ 12. Psykologiske basaldisipliner og deres anvendelsesområder – Generell kompetanse
Kandidaten*

- a. *kan bruke kunnskap fra basaldisiplinene til å bidra til faglig nytenking*
- b. *kan kommunisere om, og formidle, basalfaglig kunnskap både til andre faggrupper, spesialister og allmennheten.»*

Emna PSYK112 og PSYK114 er dei mest sentrale innan psykologiske basaldisiplinar, så det må forventast at emna oppfyller krava under kapittel 4.

Vurdering av §10, kunnskap:

Det er ingen tvil om at emna oppfyller kravet i §10 om avansert teoretisk og empirisk kunnskap innan dei aktuelle fagområda. Studieplan, timeplan og anbefalt litteratur viser det. «Anvendt kunnskap» kan tolkast som at kandidaten kjenner til korleis kunnskapen kan anvendast i praktiske samanhengar, som for eksempel å kjenne til korleis patologi utviklast eller å kjenne til behandlingsformer. Ei slik forståing av «anvendt kunnskap» kjem ikkje fram

i studieplanen for PSYK112. I PSYK114, under biologisk psykologi skal kandidaten ha kunnskap om korleis langvarig aktivering kan føre til sjukdom, som kan tolkast som anvendt kunnskap, men for kognitiv og utviklingspsykologi står det ikkje noko som kan tolkast som «anvendt kunnskap». Mest sannsynleg vil likevel pensum og forelesingar ta opp anvendte aspekt ved alle disse fagområda, men det burde kome betre fram i studieplanen. Konklusjonen må likevel bli at studieplanen for kognitiv-, utviklings, personlegdoms- og sosialpsykologi ikkje er i tråd med RETHOS-kravet om at kandidaten skal ha «anvendt kunnskap».

Vurdering av §11, ferdigheiter:

- a. Emneplanen for PSYK112 er ikkje klar på kva ferdigheiter kandidaten skal sitte igjen med. Skiljet mellom «kunnskap» og «ferdigheiter» er uklart i planen, og fleire punkt under «ferdigheiter» brukar omgrep som «kjenner til», «veit», «kan definere», «forstår» og «gjere greie for», som i dei fleste tilhøve burde vore under «kunnskap». Det står ingenting om at kandidatens skal kunne analysere og stille seg kritisk. Det konkluderast derfor at PSYK112 ikkje oppfyller kravet i §11a i RETHOS. Studieplanen for PSYK114 viser tydeleg at kandidatane skal kunne analysere og stille seg kritisk til teoriar, metodar og forskingsresultat. Dette gjeld for alle tre fagområda innan emnet.
- b. Det er vanskeleg å vurdere, med bakgrunn i studieplanane, om studentane etter bestått eksamen kan analysere og anvende kunnskap på nye område. Timeplanen viser at studentane har tilbod om seminargrupper. Det er i slike grupper at studentane kan arbeide med oppgåver som gir høve til analyse og bruk av kunnskap på nye område, og såleis utvikle ferdigheitene sine. I enkelte psykologiprogram, ved UiT og NTNU, er det emne i akademisk skriving og formidling. Dette kan vere til hjelp for studentar når dei skal analysere og diskutere.

Vurdering av §12, generell kompetanse:

- a. PSYK112: Under «generell kompetanse» står det ingenting om bruke kunnskap til å bidra til fagleg nytenking, og det står heller ikkje noko om det andre stader i studieplanen. Skiljet mellom «generell kompetanse» og «kunnskap» er uklart, då omgrep som «kan definere» og «kan gi en oversikt over» er under «generell kompetanse», men kunne like gjerne vore under «kunnskap». Det konkluderast med at PSYK112 ikkje oppfyller dette kravet i RETHOS. PSYK114: For alle tre fagområda visast det under «generell kompetanse» til at kandidaten skal kunne bruke kunnskap frå basaldisiplinane til å forklare fenomen som involverer biologisk-, kognitiv- og utviklingspsykologi. PSYK114 oppfyller kravet i RETHOS.
- b. PSYK112: Det er ikkje nemnt i studieplanen at kandidatane skal kunne kommunisere om og formidle kunnskap til andre. Dette kravet i RETHOS er dermed ikkje oppfylt. PSYK114: Det er ikkje eksplisitt nemnt i studieplanen at kandidatane skal kunne kommunisere om og formidle kunnskap til andre. Det står at kandidatens skal kunne forklare fenomen innan fagområdet. Dette tolkast til å ikkje vere det same som å formidle til andre faggrupper og ålmenta, så dette kravet i RETHOS er ikkje oppfylt.

Oppsummering

Vurderingane av Kapittel 4 i RETHOS viser ganske klart at fleire krav i retningslinjene ikkje er oppfylt. Det er fagfelle si vurdering at dette kjem av lite presis bruk av omgrepa kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse i emneplanane, spesielt i PSY112, der disse omgrepa blandast saman. Seminar kan i liten grad kompensere for dette. Det er heller slik at emneplanane bør skilje skarpare mellom omgrepa.

2. Sammenligne PSYK113 Innføring i metode og PRPSYKVIT Psykologiens vitenskapsteori og forskningsmetodar. Hvor stort er overlappet?

PSYK113 og PRPSYKVIT er begge fem studiepoeng og gir begge ei innføring i vitenskapsteori. I tillegg gir PSYK113 innføringar av meir konkret og praktisk art, som litteratursøk, operasjonalisering, ulike metodar m.m.

Timeplanen for PSYK113 har tre dobbeltimar i vitenskapsteori, og elles forelesingar i kvalitativ metode (ein dobbelttime) og kvantitativ metode inklusiv eksperimentell metode (fire dobbeltimar).

Timeplan for PRPSYKVIT har tema som ytringsfridom, «Grunnlaget for kvantitativ metode», «empirisme, post-positivisme og paradigme-teori», «Fenomenologi, hermeneutikk og kvalitativ metode», «Kroppen som subjekt og objekt», «Hva er sunnhet? Psykisk uhelse i et vitenskapsteoretisk og etisk perspektiv» «Psykologi, menneskesyn og religion – hvordan går de sammen?» og «Hva er gyldig vitenskapelig kunnskap i psykologi? Evidens, replikasjonskrise og pseudo-vitenskap».

Anbefalt litteratur: PSYK113 har tre bøker som anbefalt litteratur. Ei av disse, Stanovich, er vitenskapsteoretisk medan dei to andre er mest metode og statistikk. PRPSYKVIT har ei bok, Wifstad si «Innføring i vitenskapsteori for helsefagene», og rekke artiklar om fleire ganske ulike tema som reflekterast i timeplanen (sjå over). Det er sannsynlegvis overlapp mellom bøkene til Wifstad og Stanovich, men det ser ikkje ut til å vere overlapp i anbefalt litteratur ut over det.

For å summere opp så verkar PSYK113 som ei tradisjonell innføring til metode, med først ein del vitenskapsteori, for så å introdusere grunnleggande omgrep om metode, og litt statistiske omgrep. PRPSYKVIT er ikkje så enkelt å klassifisere då det ikkje har nokon klar samanheng eller raud tråd i timeplan og litteraturliste, men diskuterer ei rekke ulike tema som kan klassifiserast som filosofi, vitenskapsfilosofi, og tema som krev refleksjon av dei som skal arbeide som psykologar. Det er berre delvis eit emne i vitenskapsfilosofi. Det verkar i liten grad som PRPSYKVIT introduserer grunnleggande omgrep, litteraturlista og timeplanen gir ikkje inntrykk av det, men diskuterer heller tema som psykologar bør ha tenkt gjennom.

Konklusjon min er at det er litt overlapp mellom emna, og dette gjeld den grunnleggande vitenskapsteorien og kanskje litt grunnleggande metode. Fokuset til PRPSYKVIT ser ut til å vere ganske forskjellig frå PSYK113, med tema som inviterer til refleksjon og danning, heller enn ei opplæring i metode.

Oppsummert så er ser det ut til å vere lite overlapp mellom PSYK113 og PRPSYKVIT.

3. Sammenligne historiedelen av PSYK111 Innføring i psykologi og PRPSYK100 Psykologiens historie. Hvor stort er overlappet?

PSYK111 er 15 studiepoeng og har Teigen si En psykologihistorie som anbefalt litteratur. I tillegg er Holt et al. nytta som innføringsbok i psykologi (som ikkje har noko å seie for spørsmål 3). «Mål og innhald» i emneplanen viser til ei historisk innføring i grunnleggande filosofiske synspunkt og dei psykologiske retningane, psykiatriens framvekst, og skiljet mellom akademisk og anvendt psykologi med meir, det vil seie ei tradisjonell innføring i psykologien si historie.

PRPSYK100 «Psykologien og psykologprofesjonen si historie» er 5 studiepoeng og har Teigen si En psykologihistorie (minus to kapittel, «Psykologien i Skandinavia» og «Psykologien videre») som anbefalt litteratur, i tillegg til ein artikkel og eit bokkapittel om psykologi som profesjon på til saman ca. 30 sider. Det er såleis ei klar vekt på «psykologien si historie» og langt mindre vekt på «psykologprofesjonen si historie» i anbefalt litteratur. «Læringsutbyte» har klart flest punkt som viser til psykologien si historie og det er berre fire av 21 kulepunkt som heilt eller delvis viser til psykologprofesjonen. Timeplanen stemmer bra med at det er klart mest vekt på psykologien si historie, og eg finn berre ein dobbeltime (av ni) om psykologprofesjonen si historie.

Overlapp: Begge emna ser ut til å ha omtrent same omfang av psykologien si historie, ca. 5 studiepoeng. Det er over 90 % overlapp i anbefalt litteratur. Tema for forelesingane overlappar også i stor grad. Forelesingane er likevel separate, så det er to forskjellige timeplanar for forelesingane. Det er ikkje overlapp i undervisarar i dei to tema, så det er ein person som underviser i PSYK111 og ein annan som underviser i PRPSYK100 (med eitt unntak).

Det som ikkje overlappar er det som dreiar seg om psykologprofesjonen si historie i PRPSYK100, som er ca. 30 sider pensum og ei forelesing. I tillegg til dette har PSYK111 to kapittel i Teigen som PRPSYK100 ikkje har. Disse to kapitla ser ikkje ut til å vere på timeplanen til PSYK111. Det er ulike seminargrupper for dei to emna.

Oppsummert så er det stort overlapp mellom dei to emna kva angår anbefalt litteratur, forelesingar og studieplan.